

# Samarbeidsavtale mellom

## grunnskulane i NN kommune og NN folkebibliotek

---

### Bakgrunn for avtalen:

Skulebibliotekplanen for NN kommune, delmål 2: NN kommune vil utvikle og formalisere samarbeidet mellom alle grunnskular og folkebiblioteket for å nytte ut felles ressursar, fagleg og økonomisk.

### 1. Samarbeidet omfattar NN folkebibliotek og:

- Skule A 1-7
- Skule B 1-10
- Skule C 1-7
- Skule D 8-10
- Skule E 1-7

### 2. Ansvar for å følgje opp samarbeidsavtalen

- Skuleansvarleg i NN kommune, rektorane og biblioteksjef har ansvar for at samarbeidsavtalen vert følgt opp.
- Bibliotekansvarleg på kvar skule er kontaktperson for den praktiske gjennomføringa i lag med folkebiblioteket.
- Ved oppstart av samarbeidet skal alle skulane få opplæring i pedagogisk bruk av bibliotek i samarbeid med folkebiblioteket. Det er aktuelt å nytte bibliotekpakken i Språkløyper som ressurs. Rektorane må jamleg syte for fagleg oppdatering i bibliotekbruk for tilsette.

### 3. Lesestimulering og oppøving av informasjonskompetanse

- Folkebiblioteket skal bidra til lesestimulering og oppøving av informasjonskompetanse i skulane.
- NN folkebibliotek tilbyr to typar besøk, eitt besøk for lesestimulering (bokprat, presentasjonar, litterære samtalar) og eitt besøk for oppøving i informasjonskompetanse.
- Skulen og folkebiblioteket avtaler kva trinn det gjeld.
- Skule A og skule D får besøk til avtalt trinn annakvart år. Skule B og skule C får besøk til avtalt trinn éin gong i året. Skule B får to besøk i året. Skule E avtaler to besøk frå eller til biblioteket i året.

### 4. Innkjøp og vedlikehald av samlingane

- Innkjøp til og kassering av bøker skal utførast i samarbeid mellom skulane og NN folkebibliotek.
- Alle samlingar på skulebiblioteka i NN skal registrerast i felles database med folkebiblioteket.

## 5. Bokdepot for alle skuleklassar

- Kvar skuleklasse får tilbod om bokdepot for bruk til lesetrening og leselede i klasserommet.
- I samband med implementeringa av nye læreplanar i 2020 blir det avtalt korleis folkebiblioteket skal bli trekt inn. Eit døme kan vere å tilby bokassar/bokdepot tilpassa dei ulike emna i fagfornyninga.

## 6. Digitale ressursar

- Skulane skal gjere digitale bibliotekressursar tilgjengelege på skulens læringsplattform. NN folkebibliotek kan gi tips og råd om aktuelle ressursar.

## 7. Faglege møte med skulebibliotekansvarlege

- Skulebibliotekansvarlege og folkebiblioteket skal samlast til nettverksmøte for fagleg oppdatering éin til to gongar i året.

## 8. Økonomi

- Skulane prioriterer ressursar til skulebibliotekansvarleg, samlingar m.m. innanfor eige budsjett. I tillegg får folkebiblioteket tilført ressursar for å yte tenester til skulane i samsvar med samarbeidsavtalen. NN kommune søker Utdanningsdirektoratet om midlar til skulebibliotek for året XX.